

HMS

Informasjon om helse, miljø og tryggleik til alle medarbeidarar på Hardangerbru-prosjektet



Statens vegvesen

BRANN
110

POLITI
112

AMBULANSE
113

For melding om stenging av trafikkert veg:
tlf. 55 16 10 81. Trafikkinfo: tlf. 175

PROSJEKTLEIING
STATENS VEGVESEN:
Prosjektleder
Øivind L. Søvik
555 16 322 – 976 88 629

HMS-ANSVARLEG
Inge Haustveit
555 16 922 – 466 25 466

**KOMMUNIKASJONS-
RÅDGJEVAR**
Geir Brekke
555 16 543 – 908 25 869

**ØKONOMI OG
KS-MEDARBEIDAR**
Stedfortredar for
prosjektleder
Bente Johnsen Aase
555 16 236 – 950 99 596

BRUARBEID
Leiar Asbjørn Valen
555 16 237 – 908 79 969

BETONGARBEID
Byggjeleiar
Gunnar H. Ringheim
555 16 919 – 414 86 282

STÅL OG MONTASJE
Byggjeleiar
Jan Ove Nygård
555 16 221 – 917 49 185

KABELARBEID
Byggjeleiar
Gunnar Gundersen
220 73 863 – 911 62 125

**ELEKTRO
BYGGJELEIAR**
Terje Gundersen
976 75 159

TILFØRSELSVEGAR
Knut B. Langeland
555 16 911 – 908 25 871

Alle har ansvar for sin eigen tryggleik

EIN TRYGG ARBEIDSPASS

Vi ønskjer å skapa ein trygg og triveleg arbeidsplass for alle som har med prosjektet å gjera. Vi vil minna om at naboar, bygdafolk og trafikantar må leva med anleggsdrift i byggjeperioden. Vi har derfor laga eit samandrag av dei viktigaste reglane og instruksane som vi må halda oss til. Statens vegvesen som byggherre meiner helse, miljø og tryggleik er svært viktig og ønskjer at alle signerar for at denne informasjonen er motteken og lese. Meir detaljert informasjon ligg i prosjektet sine HMS-planar. Spørsmål kan rettast til arbeidsleiaren din, som igjen kan ta det vidare til Statens vegvesen.

MÅLSETTING

Prosjektet har følgjande prioritering i tryggleiksarbeidet:

1. Vern av liv og helse.
2. Vern av det ytre miljøet.
3. Vern av arbeidsmiljøet.



Målet vårt er å gjennomføra prosjektet utan alvorlege personskadar og skade på det ytre miljø. Gjeldande lover og reglar skal følgjast.

ANSVAR

Tryggleik, arbeidsmiljø og helse, samt sikring av det ytre miljøet, er eit linjeansvar i organisasjonen. Det vil seia at kvar arbeidsgjevar og einkvar med ansvar for å planleggja og leia andre sitt arbeid, også skal syta for at HMS-tilhøva er ivaretekne.

Også alle tilsette er ansvarlege for handlingane sine. Ein plikt tar aktivt å førebyggja skader på seg sjølv, andre tilsette, materiell og produkt – samt omgivnadene.

Statens vegvesen har tildelt MT Højgaard a/s ansvaret for å samordna aktivitetane for å tryggja liv, helse og miljø på anlegget.

VERNEUTSTYR

Alle som er i anleggsområdet skal nytte påbode verneutstyr. Dette er obligatorisk verneutstyr: Hjelmer, vernesko og godkjent CE-merka arbeidstøy. Anna nødvendig verneutstyr skal brukast når arbeidstilhøva tilseier dette. Det gjeld vernebriller, støvmaske, tryggleikssele og redningsvest

TRYGGLEIKSOPPLÆRING FOR GJESTAR

Gjestar skal få ei kort orientering om tryggleik og risiko på byggjeplassen. Dei skal nytta tenleg verneutstyr under synfaring. Byggherre har ansvaret for at dette blir gjennomført. Alle gjestar skal nytta blå hjelmar og vegvesen-vest.

RISIKOVURDERING–SIKKER JOBB ANALYSER (SJA)

Nokre arbeidsoperasjonar kan representera risiko for ein sjølv, arbeidskameratar, andre entreprenørar, miljøet eller tredje person. Særleg gjeld dette aktivitetar som er nye og ukjente. Som regel skal vi alltid starta med å vurdere om aktiviteten kan føra med seg risiko, og korleis vi kan unngå ein slik risiko. Gjennomgang av nye og ukjente arbeidsoperasjonar skal alltid gjerast med personell som skal ta del i arbeidet. Samstundes skal også anna personell bli informert. Hugs at du som arbeidstakar har rett på slik informasjon og opplæring. Du har og rett å ta del i planlegging av slike arbeidsoperasjonar. Ansvarleg arbeidsleiar skal syta for at dette blir gjort. Ein slik Sikker jobb-analyse skal alltid vera skriftleg.



UØNSKA HENDINGAR – FARLEGE TILHØVE

Eit av dei viktigaste hjelpemidlane vi har for å unngå ulukker, er å utføra forbetringstiltak ved hendingar og farlege tilhøve, før dei utviklar seg til ulukker. Derfor er det viktig at alle rapporterar om uønska hendingar og farlege tilhøve. Skjema for dette får de utlevert. Vi oppmodar at desse blir brukt flittig.

BEREDSKAP VED ULUKKER

Skulle alvorlege uhell henda er det viktig å halda deg roleg. Det finns ein beredskapsplan som skal vera gjennomgått for deg. Ring nødnummer (brann 110, politi 112, ambulanse 113), gje den førstehjelpen du kan, og varsle overordna. Nødnumra er og lista opp ved stasjonære telefonar. Beredskapsutstyr er merka og skal visast på ei skisse opphengt på anlegget. Berre byggherren, Statens vegvesen, skal uttala seg til pressa.

YTRE MILJØ

Alle må vera varsame og ta vare på det ytre miljøet. Store delar av anleggsarbeidet skjer i sårbart terreng. Dersom du oppdagar søl eller ureining plikt du å melda frå. Avfall skal kastast i utsette behaldarar. Det er ikkje lov å kasta avfall i tippområda. Spesialavfall som olje, drivstoff, kjemikalier og liknande skal ikkje blandast i lag med anna avfall.

ENTREPRENØRAR

Tilførselsveggar med tunnelar på Bu og i Vallavik:
AF Gruppen Norge AS
Betongarbeid: Veidekke Entreprenør AS
Stål- og montasjearbeid: MT Højgaard a/s
Elektroarbeid: KB Electrotech

Foto: Geir Brekke.
Fotomontasje: Forum arkitekter

